

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 4

Jula 2021

53 . årgang



God julehelg!

Av innholdet:

Biskopens julehelsing	s. 4	Jule - spørsmål	s. 18
Tradisjon med juletre	s. 5	Det muntre hjørnet	s. 19
«Gledesteppe»	s. 6	Kor vart det tå dei	s. 20
Jul i fjøset	s. 7	INFO frå Etnedal kommune	s. 21
Ynskjedikt og –salme	s. 8	Dåpshøgtider	s. 24
Helsing frå Byffelin	s. 10	Julehelsing frå sokneråda	s. 25
La Grace få fylle fem år	s. 14	Prestens hjørne	s. 26
Blåflat gard – Byggdetun og samlingsplass	s.16	Gudstenesteliste	s.27
		Jule-evangeliet	s. 28



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVEVJERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: hw337@kyrkja.no



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er339@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR
Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183
E-post: ls456@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Magnhild Claudius, leiar
Tlf.: 94164449
E-post: magnhildc85@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Steinar Stenseth, leiar
Tlf. 975 69 228
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Anders Grønbrekk, leiar
Tlf. 905 64 184
E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen og
Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

*Eit barn er oss fødd,
Ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans skulder. Han
har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig
Gud, Evig Far, Fredsfyrste. Jesaja 9, 6*

Tradisjonsrik julekonsert med Bruflat musikklag og Bruflat sangkor

Bruflat kyrkje søndag 12. desember kl. 19
Nord-Etnedal kyrkje tysdag 14. desember kl. 19
Juletankar ved Marit prest



Julegudstenestene

Juleaftan
kl. 13.30 Nord-Etnedal kyrkje.
kl. 15.30 Bruflat kyrkje



Tjuandedagsfest

Aller siste juledagen, 13. januar 2022 kl. 13.00
ber Diakoniutvalet inn til julehygge i Nord-
Etnedal kyrkje.

Sang og musikk. Jorunn Bergsbakken spelar.
Siste juletrerundene denne jula. Innslag ved
Ellen Rudi. Historiar frå eit presteliv ved Marit
prest. Julelunsj.

Hjarteleg vel møtt!

Lys vaken

Nord-Etnedal kyrkje 15.-16. januar 2022
for 11- og 12-åringar



Nattkino
før sovetid.
Arkivfoto.

Det beste vi kan gjøre,
er å vere der for hverandre.
Se hverandre, huske
å gi hverandre
de gode ordene.
Og bære hverandre
om det trengs.



Kong Harald

Kyrkjestaben ynskjer alle ei signa, gledeleg julehelg og eit godt nytt år!

Ellen Oddveig Rudi
Nils Kjell Nilsen
Marie Bjørnødegård
Marit Slettum

Helena Wright
Serhiy Bykov
Laila Sveen



Forsidebilete: Marit prest

Jesu fødsel set i gang ein bevegelse som aldri har stansa



Det at Gud er komen til verda, gjer at vi kan lene oss til ein Gud som kjenner menneska sine liv. Jesu fødsel set i gang ein bevegelse som aldri har stansa.

Å følgje fotspora etter det vesle barnet, er å våge å gå inn i nye ukjende landskap ut ifrå evangeliet si grensesprengande kraft, til å opne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Glade jul, heilage jul!
Englar kjem frå Guds kongestol,
blomar ber dei frå paradiset,

Slik står det i julesongen «Glade jul, heilage jul» som den danske forfattaren og poeten Bernhard Severin Ingemann har skreve og lagt til rette for norsk av Bernt Støylen som var prest, biskop og lyrikar.

Glade jul, heilage jul!
Englar kjem frå Guds kongestol,

Englane fortel om blomane frå paradiset.
Noko som er frå byrjinga, som er og som varar.
Noko som ber liv og håp i seg.

Julas Gud gir kraft og ber, også når dagane er vonde.
Tonane frå Betlehemsmarka minner oss om kor aleine vi kan kjenne oss når livet rammar med all si tyngd.
Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølv.

Vi veit alle noko om at livet er sårbart og utsett. Noko meir sårbart enn ein liten baby finst vel knappast. Avhengig av å bli tatt vare på og beskytta, og som samstundes gir, berre ved å vere til.

Blomar frå paradiset.
Englande ber bod om eit evigvarande håp.
Håp for i dag og for morgondagen.

Blomar frå paradiset. Barnet i Betlehem. Vi anar noko om dette barnet.
Ja, vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnet sitt livgivande og trøystefulle nærvær midt blant oss.

Velsigna julehøgtid ønskast dykk alle.

Solveig Fiske
Hamar biskop



Juletreet

Eviggrønne busker frå fjerne tider

Alt 2000 år før Jesu fødsel var det vanleg i Lille-Asia å pynte eviggrønne busker når folk feira vintersolkverv.

Frå ca. år 300 e. Kr. gav den katolske kyrkja vintersolkverv eit kristent innhald, ettersom feiringa av Jesu fødsel vart lagt til dette tidspunktet.



Tradisjon med juletre – frå Tyskland

Fyrst på 1500-talet, etter reformasjonen, vart det eviggrønne grantreet til eit samlingspunkt for julefeiringa, og juletre i heimane starta for alvor i Tyskland på 1700-talet.

Rundt 1850 flytta juletreet inn i stueene til rikfolk her i landet, men fyrst rundt 1914

vart det vanleg både hos rik og fattig. Alle hadde ikkje råd til pynt, men talglysa, ofte sjøllaga, vart fort vanleg. I mellomkrigstida vart det fabrikkerte lys å få kjøpt, og etter kvart tok dei elektriske juletrelys over.

Johannes Paul II (1920-2005) var den fyrste paven som innførte bruk av juletre på Petersplassen. Intensjonen hans var at det mektige treet med hundretals lys skulle minne om livets tre som eit bilete på Kristus.

Juletreet sin bodskap skulle vere liv og vekst, at livet er evig grønt dersom ein gir av seg sjølv, ved å lytte til og å dele tida si med andre, og ved å gi materiell hjelp til dei som er i nød. Så langt paven.

Juletreet og symbolikken

Stjerna i toppen av treet skal symbolisere Betlehemsstjerna. Antal spissar på stjerna er ikkje uvesentleg. Til dømes skal ei stjerne med fem spissar minne om den krossfeste Jesus sine fem sår.

Glitteret skal førestelle strålar frå stjerna.

Kulene symboliserer jordkloden og Guds kjærleik til den. Dei skjøre, vakre glasskulene er no for ein stor del bytta ut med plastkuler.

Lenkene av alle slag skal minne oss på verdien av brorskap, samhald og solidaritet med dei som lir.

Lenkene med norske flagg er vel ikkje så mykje brukt lenger, men har likevel ein symbolsk verdi, i og med krossmerket i kvart vesle flagg.

Fuglar symboliserar frå gammalt Den heilage ande. Pynt med utsjånad som oblatar vart noko brukt for gammalt. Seinare vart dette symbolet bytta ut med kakefigurar av mange slag, som saman med angen frå juletreet sendte juleduft ut i rommet. Dei «gamle» kakefigurane var oftast laga av lys deig. Halmfigurar skal minne om halmen i Jesu krybbe og dei hjarteforma kurvane - Guds kjærleik.

For eit par generasjonar sidan vart det meste av julegodteriet putta i heimlaga, fletta kurvar, helst så tunge av rosinar, mandlar og godteri av det heimelaga slaget at dei ikkje kunne henge på treet!

Nokon av oss hugsar den heimelaga juletrefooten. Men den også bar eit symbol, nemleg eit kross.

I dei siste tretti åra har plast-treet kome på markedet. Det kan pakkast bort med pynt, lys og musikk, så slik er det praktisk, men mange av oss vil enno halde på opplevinga av å få eit friskt tre inn frå skogen. Det har også blitt meir vanleg med meir tilfeldig pynt, alt etter siste mote. Vi ser tre med berre sølvpynt, eller raude sløyfer.

Dei tradisjonelle symbola blir mindre viktige dersom vi ikkje lenger veit kva dei inneheld. Difor må det vere ei oppgåve for oss eldre å lære nye generasjonar om verdien av å kunne noko av juletreet sin symbolikk.

Tone Steinset.



Pave Johannes Paul II innførte skikken med juletre på Petersplassen

«Gledesteppet» - kristneteppe og julehandkle



Eg fekk lyst til å skrive litt om tradisjonen med kristneteppe og julehandkle.

«Gledesteppet», sjølv kristneteppe er i friske fargar og vevd i ein teknikk som heiter skilbragd. Fargane er i raudt, grønt og svart med få innslag av gult. Der Nord-Valdres brukar grønt, er dette bytta ut med blått i Sør-Valdres.

Nemninga kristneteppe skal koma av at ungane vart boren til dåpen i eit slikt teppe, altså vart kristna. Kristneteppe blir også i dag brukt ved dåp, der dåpsbarnet ligg på kristneteppe i dåpskjolen sin under sjølv dåpshandlinga i kyrkja.

Frå eldgamal tid vart tepper brukt til å pynte i stovene ved høgtid som jul og festlege anledningar. Juleftan, når kyrkjeklokkene ringde jula inn, vart kristneteppe hengt opp i høgsete ved bordet med eitt mindre, kvitt pyntehandkle over med fine bordar på. Desse bordane vart laga i teknikken filéring eller firfletting/frynsefletting. Seinare har hekling vore mest brukt i slike bordar ettersom det er få som kan filéring/firfletting i dag.

Kristneteppe og julehandkle skulle henge oppe til jula var slutt 20.dag jul. (13.januar)

I vår stove i Smedsrud er det ikkje jul før dette er på plass. Ein flott tradisjon som eg hugsar godt frå barn-



dommen min i Vang. Foreldra mine har filéert julehandkle, medan eg har arva julehandkle som bestemor/farmor mi laga og hekla bordar til for ca 30 år sidan.

«Glad Jul» står det på mitt julehandkle. Dette julehandkleet betyr svært mykje for meg. Det er noko høgtideleg og flott over denne skikken, ein skikk eg håpar blir halde ved like av neste generasjon.

Wenche Hillestad Møller



Med julehandkle på plass og den heimelaga pyntestegen av gamle hesjastaura frå barnsheimen i Vang, kan jula berre koma.

Jul i fjøset

Før i tida tilhørde det juleførebuinga å passe på at nissen på garden var godlynt. Gløymde du nissen, kunne han finne på pek og ugagn. I dag er gamal folketru vorte til eventyr, og fjøsnissen er nesten gløymt på juleftan. Det er veldig viktig å gje graut til nissen på juleftan, ellers kan det gå reint gale. Då finn han på rampestrekar!

Ei historie eg har høyrte – som sjølvsagt er heilt sann – er om ei dame som hadde så mykje å gjere at ho ikkje hadde stunde til å koke skikkeleg graut til nissen. Ho kjøpte ferdiggraut på butikken, varma den ikkje eigong opp, men sette den kalde grauten ut på låven. Ikkje hadde ho på korkje smør, sukker eller kanel heller. Den jola gjekk alt på tverke. Det fyrste som skjedde var at fjernsynet rauk. Deretter gjekk oppvaskmaskina føyken. Dette var på ein gard som tradisjonelt fekk mykje jolebesøk, så det var ganske upraktisk at all oppvasken måtte vaskast for hand. Då er det i alle fall viktig at utslagsvasken fungerer. Men også den tetta seg det året, så konklusjonen bør vel vera: stell godt med denne luringen!

Også dyra skal takast godt vare på i jula. I dag får alle husdyr nok mat gjennom heile året, men før i tida var det ikkje støtt like greitt å få føret til å vare gjennom heile vinteren. Særleg på dei mindre gardane kunna det vera vanskeleg. Men akkurat på juleftan vart det ikkje spara på noko. Då skulle ingen vere svoltne, korkje folk eller dyr. Denne tradisjonen har me teke med oss inn i moderne tid.

Jerka, (på bildet) blir 30 år i mai neste år, og måtte sjølvsagt ha sitt eige juletre på stallveggen det året ho budde her i Smedsrud. Då vanka det både ekstra godt turrfør, epler, gulrøter og knekkebrød. Jerka er spesielt hesteinteresserte – avkommet til Atom Vinter og «still good strong»

Jerka ynskjer god jul til alle firbeinte og tobeinte.



Jenka kosar seg i jula med eigaren sin Marthe Stubberudlien og Sondre Hillestad Møller



Jenka har pynta juletreet ved stallveggen

Ynskjediktet

Kåre Espeseth tenkte lenge på kva for eit dikt han skulle velje til «Ynskjediktet»

Dei kjende strofene i salmen «Kjærlyghet fra Gud» var ofte i tankane. Sterke minne frå barndomen var hovedgrunnen til det. Særleg då han og mor Alma var åleine, sa ho ofte; Kan du ikkje synge den sangen Kåre?

Då stemte han i med; «Kjærlyghet fra Gud, springer like ut som en kilde klar og ren ...»

Ein dag fann Kåre fram dikt av Magne Sørflaten, samla i boka « Menneskelivet, ein spegel i tilværet.»

Fleire av dikta der har nær slektskap med innhaldet i salmen, også «Ta varlege steg», som er eit sterkt uttrykk for kjærleik, nestekjærleik og medmenneskelegheit. Dette diktet har Kåre Espeseth valt som sitt ynskjedikt.

Ta varlege steg

*Ta varlege steg på din veg!
Ein kan så lett skada eit hjelpelaust kryp
under sin fot,
som har retten til livet,
som ein sjøl.*

*Vær varsom med dine ord!
Ein kan så lett
gjeva sår som aldri gror.
Til ein som heller kan trenga
eit venleg ord og ein smil
på sin livsveg.*

*La foten gå varleg!
Bruk ord som gjev varme!
Du møter da takksemd,
som gjev glede i sjela
og har gjevande verde for deg
og andre sitt liv.*

Magne Sørflaten

Kåre Espeseth ynskjer å utfordre Gerd Ragnhild Granum til å velje dikt i neste Kyrkjevarde.



Kåre og Sigrun Espeseth, på Blesen.

Mi salme

Denne salmen er opprinneleg svensk og vart skriven i 1890. Den vart omsett til norsk av Anders Hovden i 1927 og tonesett av Bjørn Eidsvåg i 1969.

Når eg høyrer denne teksten tenkjer eg på at alle levande skapningar har ein viktig funksjon i skaparverket på denne planeten vår.

For meg symboliserer skogsblomen , som nesten ingen får auge på, at alle har sin plass , og at vi er ein del av det store samspelet som er i naturen.

Ein fin liten blome

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
I granskogen diger og dryg,
Og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.*

*Sei ottast du ikkje i skogen stå gøymd.
Der skuggane tyngje deg må?
-Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
-Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome eg.*

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner men sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gler meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud.*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong,
i morgonen ævele klår.
Og blanda med heilage englar min song
i himmele, dit døden ei når!*

Eg vil utfordre Ole Albert Knutsen til å skrive om «sin salme» i neste nummer av Kyrkjevarden.

Anne Nora Lekanger



Linnea, ein av dei fine små blomane



Anne Nora Lekanger har valt salme.

I Byffelin, rett under Byfugliberget, med skog og vill natur som nærmaste nabo



Av Guro Nørstebøen Blikset

Mø vaks opp i Byffelin, syster mi og eg. Eller Byfuglibygda som det heiter. Rett under Byfugliberget, med skog og vill natur som nærmaste nabo. Den tida var det liv i alle husa i Byffelin.

Lengst nord i Byffelin budde besteforeldra mine, Ingrid og Georg Nørstebøen. Dei budde på Byfuglibråten, eller i Brøta som det vert kalla på folkemunne. Vi veit med sikkerheit at det har vore busett folk i Brøta siden midten på 1700 talet. Først som husmannsplass, før garden var skyldsett til eigen eigedom i 1815. Bestefar min, han Georg i Brøta, kom til garden då han

var fire år gamal. Morsslekta hans stamma herifrå. Oldemor mi, Nikoline, var fødd her, men gifta seg og fløtte til Nordgarda på Nordsinni. Tanta åt bestefar min, Olave, tok over garden saman med mann sin, Syver. Dei var barnlause, og då bestefar min kom på besøk som liten gut, vart han boende her resten av sitt 86 år lange liv.

Han bestefar i Brøta var bestefar slik ein drøymer om at ein bestefar ska vara. Han røykte pipe. Han fortalte gode historier. Han slo graset med ljå. Han lærde syster mi og meg å spela kort. Han henta både seint og tidleg når me trengte skyss.

Han kjørte stort sett i 50 km/t og det var kanskje like greit, for me satt i baksete uten sikkerhetsbelte. Han sto opp klukka fem og fyra i ovn, så det skulle vara varmt i huset til dei andre sto opp. Han var ikkje den mannen som tala mest, det var oppgåva hennes bestemor. Men når han sa noko var det verdtt å høre etter. Han var av den generasjonen som brukte hatt når han sku pynte seg. Han var ein tvers igjennom snill og god mann. Med verdas største tålmodighet. Sett bort i frå når han satt i bilen ved Samvir-

kelaget og venta på ho bestemor sku bli ferdig med å skravle. Då hendte det tuta på bilen fekk prøvd seg.

Penhatten ligg fortsatt på hattehylla i gangen i Brøta. Om eg høyrer etter kan eg fortsatt høyre lyden når han klakka pipa i askebegeret som sto på kjøkkenbordet. Eller tøflene som subba over golvet når han sto opp etter kvila. Gløym ikkji småfuglat'n da, var noko tå det siste han sa åt bestemor mi. I Brøta skulle alle ha det bra. Dyra og. Tusse var hass augestein, ho var ein buhund, som levde meir enn 16 år på kattemat og kokesjokolade. Ellers var det ei periode sau i fjøset når eg var liten. Dei fekk godt stell. Tilogmed

grisen fekk festmat i Brøta. God mat gjer godt kjøtt, sa bestemor mi.

Syster mi og eg var svært privilegerte som hadde ho Ingrid i Brøta som bestemor. Eller beste, som mø kalla ho. Ho kom til Brøta fordi ho forelska seg i bestefar vår, og vart så buande der i meir enn 60 år av livet sitt. I sine glansdagar var ho stort sett i sving med noko på kjøkkenet. Eller på farten rundt i bygda for å stelle for sine eldre søsken og andre som trengte det. Alle som kom innom i Brøta skulle ha servering. Det var likt for alle. Enten det var familie, nabo, slekt, venner, postmann eller feieren, så kom maten på bordet. Ingen sku gå att frå Brøta svoltne. Ho hadde omsorg for alle. Både folk og dyr. Ho hadde alltid noko godt på lur. I kjøkkenskápet nærmast vifta var det alltid godsaker på lager. Men det var strengt forbudt å gå i godteriskápet på eigenhånd. Ho laga varm sjokolade tå heilmjolk og kokesjokolade. Ho baka flatbrød. Elgkarbonadene hennes var noko for seg sjøl. Den heimelaga safta likeså. Ho plukka bær og safta sjøl. Eller laga rørt tyttebær til middagen og blåbærsyltetøy til pannekakene. Verdas beste pannekaker. Det skulle vara mange egg i pannekakerøra hennes. Ho hadde alltid egg på lur i jordkjelleren under kjellerlemmen. Der var det også potet, og andre ting som måtte oppbevares kaldt. Det var alltid litt skummelt å gå i jordkjelleren. Mørkt og kaldt. Og ei og anna mus på lur. Ho bestemor var eit arbeidsmenneskje. Ho sto på seint og tidleg for at alle andre skulle ha det bra. Dei siste ára i Brøta prata ho ofte om at ho savna å arbeide. Ho satt ofte i stolen sin på kjøkkenet, med kaffekoppen eller strikketøyet. Eg hugsa timesvis med samtale og historiefortelling frå «gamle daga». Ho hadde ein egen form for humor, og det går fortsatt gjeteord i familien om hennes mange gode historier, ord og uttrykk.

Jula i Byffelibygd var magisk. Den vart førebudd i lange tider. Den omtalte grisen vart fora opp på best mulig vis, slik at den kunne slaktast før jul og bli til julemat. Det var bestefar min som måtte stå for slaktinga. Når det kom slaktar te gards held ho bestemor seg inne. At dyra vart slakta greide ho ikkje å sjå på. Men så vart sidan koteletter og ribbe og andre godsaker som ein ikkje fant maken til.

Den sjuarma lysestaken sto framme heile året. I stogoglaset som vendte mot sør. Men den skulle berre tendast til jul. Det var ein viss forventning og ei spenning knytta til den fyrste syndagen i advent. Då vart adventsstaken i stogoglaset tent, og det markerte starten på den finaste tida på året. Heime hjå mor vår

var det ei pappstjerne i raudt og gull som markerte starten på adventstida. Dagen starta nok ekstra tidlig den morgonen, eg veit at mor vår fekk kaffe på senga klokka fem fleire gonger, fordi vi ikkje orka å vente lenger. Denne kaffen hadde vi kokt sjøl, og den var nok enten veldig tynn eller svart som køl. Men tålmodig som ho var drakk ho kaffe klokka fem, og sto opp og tende stjerna til stor begeistring for syster mi og meg.

Det skulle vaskast. Alle kriker og kroker skulle vara skinnande reine. Så lenge ho bestemor var i vigør var det i Brøta rundvask i alle rom. Ho brukte å si at den som ikkje låg på kne og vaska i "røo" kunna ikkje vaske. Å berre dra over ei fille midt på gølvet var ikkje bra nok. Ho Tusse i Brøta fekk klar beskjed om at ho kunna røyte heile året, berre ho let vara å røyte te jul.

Ho bestemor var ei ordentlig bakstekjæring. Ho baka heimebaka flatbrød. Gorobrød og småbrød. Og te jul



var det sandkaker, serinakaker, strull, berlinerkranse og tørre vafler. Eg hugsar smultringbakst i kjellaren på Ringnes. Ho bestemor stakk ut, mens ho Margit syster kokte. På Ringnes vanka det og heimebaka havrekjeks med smør og brunost på. Ein livrett i oppveksten var havrekjeks hennes Margit. Så var det sjokoladekaka hennes bestemor. Den finnes det ikkje maken til. Ho greide å få ein særegen god smak på risbollane sine og. Og kvart år på gebursdagen min før jul fekk eg bustekake. Sukkerbrød med vaniljekrem og bruna kokosmasse.

Det var ingen som hadde utejuletre som i Brøta. Eg syntes det var verdas finaste belysning. Pærer som lyste opp i raudt, grønt, gult og blått. Juletreet inne skulle ikkje pyntast før vesle julaftan. Det var syster mi og min sin jobb. Han bestefar hadde vøre te skogs og fønne et fint juletre. No sto det ferdig montert i juletre foten, med lysa på. Juletrepynten var gammal og skjør, og måtte takast i med andakt, ellers ville den gå sund. I Brøta var det ikkje stjerne i toppen, men eit spir. Det fekk me ikkje lov å røre, så når treet var ferdig pynta var det bestefar som satte spiret i toppet på treet. Ingen turde si noko mens han satte krona på verket. Og når spiret var plassert på toppen, då var treet ferdig pynta.

Julemiddagen skulle etast i Brøta. Det var langtidssteikt ribbe, for denna kvite ribba som berre var kokt var ikkje etanes, sa bestemor mi. Det var surkål. Julepølse. Potet. Koteletter. Heimebaka lefse. Og rørt tyttebær frå eigen skog. Bestefar min sto for potetskrelling, ellers var det ho bestemor som var kokke. Ei viktig oppgåve som han bestefar hadde i forkant av julemiddagen var derimot å ta opp rakfisk frå butten som sto i gangen. Syster mi og eg synest at det lukta død og fordervelse kvar gong butten vart opna. Der låg det heil rakfisk i lake, som måtte flås og delast opp. Detta vart gjort inne på kjøkkenet i Brøta, og satte ein umiskjennelig eim over heile huset.

Vedkassene var fylt opp, og det brant godt i begge vedovnene då vi kom te Brøta på julemiddag. Det var tente stearinlys. Englespelet sto på spisebordet med tente lys. Juletreet var tent. Det lukta julemat i heile huset. Eg kunne mange gonger ha lyst til å vente litt med å gå inn. Berre stoppe opp i tida og stå å kjenne



Stemningsfull skumringstid i Brøta

litt på forventningen og den gode julefølelsen. Men jula er ofte kald i Byffelin, og det var godt å komma inn i varmen på kjøkkenet. Midt i dei siste forberedelsene, medan ho bestemor la maten på fat og han bestefar flådde rakfisk, brukte han Åge nabo å ringe frå Ringnes for å ynskje god jul. Det var på ein måte tima og tilrettelagt at han skulle ringe akkurat då.

Sølvgutten sang jula inn i bakgrunnen mens vi åt. Det var ingen middag som smakte så godt som julemiddagen. Dei vaksne kosa seg og med ein liten akevitt. Ellers var det lite alkohol i min barndoms jul.

Men ho bestemor pleide å si at om ein ikkje hadde drøkki meir enn ho før ein fylde 50, så var det ikkje så farleg om ein begynte då. Dessutan var ein akevitt godt for fordøyelsen, om ikkje anna. Etter middagen var det dessert. Riskrem med raud saus. Sausen var laga tå saft som var safta tå eigen plukka bær. Det var små, skolda hakka mandel i riskremen. Dette satte ein ekstra spiss på det heile. I dei seinare åra også moltekrem, fordi eg ein gong kom til å si at eg syntes moltekrem var godt. Kun det beste var godt nok. Så derfor vart det moltekrem og.

Det skulle ryddast opp før det var tid for gavutdeling. Det tok uendelig lang tid før alt var rydda og klart, kaffen kokt og kakefatet sto på bordet. I mange år kom nissen på besøk, men vi fekk aldri sjå han. Han satte i frå seg gavesekken på trappa, ringte på døra og stakk te skogs før vi såg snurten av han. Nissen bodde i Byffeliberget. Døra inn til nissehula er synleg i berget den dag i dag. Dersom syster mi og eg ikkje åt opp maten vår, var bestemor vår ute og ropte opp i berget på nisseungane for at dei skulle komma å få mat. Ho ropte så det ljoma, og ein kunne sikkert høre ho langt oppi bygden. Det hadde iallefall sin nytteverdi, for vi åt opp maten vår kvar gong, i frykt for at nisseungane skulle koma springande ned Byffeliberget. Nissen i Byffelin var tå det gavmilde slaget. Det vanka gaver i store monn. Eg hugsar vi pakka opp marsipangrisar. Gedigne marsipangrisar. Vel, dei var nok ikkje større enn dei marsipangrisane du får kjøpt i dag, men for ei som ikkje likte marsipan virka dei uoverkommelige å få i seg. Då var det jo flaks at eg hadde ein far som var sær

glad i marsipan, og ikkje såg noko problem med å sette til livs ein heil marsipangris.

Fyrste juledag kom. Dette var ein dag vi ikkje fekk lov til å gå bort. Dagen skulle brukast til å kvile, og kose seg med gavene vi hadde pakka opp dagen før. Somme tider var vi i kyrkja på gudstjeneste denne dagen. Og vi åt julemiddag nr.2. Bestemor hadde sørja for nok mat, slik at det vart rester frå dagen før. Og julemiddag nr.2 smakte minst like godt som julemiddag nr.1.

I Romjulen var det juletreffest. Eller julebesøk i Nordigarden der det støtt var folk i jula. I Nordigarden vanka det andre julekaker enn det vi fekk heime. Smultring og posteier. Ho tante Solveig møtte oss alltid med eit varmt smil. Ho var støtt blid. Hadde gode kommentarer på lur. Og ein trillande, god latter det ikkje fantes maken til. Ho var ungdommelig, og vi kunne prate med ho om alt. Store og små ting som rørte seg i eit ungdomssinn var det ingen sak å prate med ho tante Solveig om. Det vart nok delt ein og anna hemmelighet med ho, og ho viste alltid forståelse for det som vart fortalt. Det var meir vanleg med kaffebesøk og at ein gjekk bort til kvarandre den tida. Folk hadde nok ikkje betre tid da, enn no, men skulle ein prate med kvarandre, måtte ein besøke kvarandre. Ja, jula i Byffelin var magisk. Ute var de ein gnistrande stjernehimel og snø som knirka under skoa når du var ute og gjekk. Inne var det lys og varme i alle rom. Og viktigast av alt. Slekt og venner rundt alle hushjørner og ein hjertevarme det ikkje fantes maken til.



La Grace få fylle fem år



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av mors kjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

*Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland*

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktinge grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenårsgraviditetar. I nokre område har dette dubla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døyde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar? Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle

familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi bygge fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

Det er også takkoffer til begge kyrkjene våre juleaftan.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsesenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd i Malawi. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timar tidlegare.

Blåflat gard – bygdetun og samlingsplass

Det er ikkje fritt for at det kom nokon gledestårer den lyse dagen i slutten av august då vi fekk tilslaget på garden, seier leiar og nestleiar i Stiftelsen Blåflat gard, Bergljot Hedda Lunde og Inger Toril Holte Breien.

Det hadde vore hektiske månader for å sikre seg Blåflat, den ærverdige plassen ved kongevegen, sentralt på Bruflat, som har gjeve bygdesenteret både namn og areal til utbygging.



Det starta med eit framlegg i Etnedal kommunestyre, som ville utreide moglegheita for bygg til nærings- og kulturformål på Bruflat. Blåflat gard vart lyfta fram som ein særleg aktuell kulturarena. Næringsrådet tok saka vidare, og kulturkontoret fekk oppgåva med å lage ei utgreiing om Blåflat gard.

Arkitekt Margrethe Bjone Engelian vart hyra inn for å laga ei moglegheitsstudie. Den neste månaden engasjerte leiar i kulturrådet Hege Bergmann Rotnes seg sterkt saman med kulturkonsulent Nina Espeseth Grønbrekk i Blåflat gard. 31. mai var kulturrådet og andre interesserte samla på Blåflat for omvising, historieforteljing og informasjon om moglegheitene.

Draumane om eit bygdetun på Blåflat levde, slik det har gjort i mange år, men meiningane var likevel delte. Entusiasmen var stor hos ein del, andre var også engasjert av saka, men meir skeptiske til omfanget av kostnadane med restaurering og vedlikehald av bygningsmassa.

Kommunestyret sa som kjent nei til å kjøpe Blåflat gard, men i vedtaket låg og ei opning for støtte frå kommunen dersom nokon ville utvikle eigedommen til allmenn nytte.

Styret i Stiftelsen Blåflat gard. Inger Toril Holte Breien, Karianne Kay, Hans Magne Lunde, Øyvind Rust, Hege Bergmann Rotnes, Bergljot Hedda Lunde. Jon Inge Huset var ikkje til stades.

